KINN KYRKJEBLAD

ÅRG. 89 NR. 1 – VÅREN 2017

ORGELKONFIRMANTAR, side 4

JA, VI ELSKER DETTE VATNET, side 3



REFORMASJONSJUBILEET, side 10

Foto: Stian Olaisen.

UNDERVISNING FOR 6-ÅRINGAR, side 4

God påske!

Den gode arven frå Martin Luther

Biskop Halvor Nordhaug kjem til gudstenesta ved årets Kinnaspel, søndag 18. juni. Her vil han markera reformasjonsjubileet og preike på gudstenesta. I kyrkjelydane i Kinn vil vi markere reformasjonsjubileet utover hausten 2017 med spesielle temagudstenester med tema: ***Nåden alene, Skaparverket ikkje for sal, Frelsen ikkje for sal, Menneske ikkje for sal.***

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er derfor all mogeleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg *gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde*. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vera særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrot slik: «…at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar «sin egen lykkes smed». Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden.

Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Våre gode gjerningar er i høgaste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne forteneste og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den stadden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.

Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.

Halvor Nordhaug – Biskop i Bjørgvin

Altertavla i Stadkirche Wittenberg der Martin Luther arbeidde som prest i ei årrekkje. Merk deg at personene på tavla er menneske frå samtida.

Ja, vi elskar dette vatnet

JA, VI ELSKAR DETTE VATNET
Bli ein brønnbyggjar – støtt Fasteaksjonen 4. april

Reint vatn kan redde liv, og ureint vatn kan ta liv. Alle land i verda, også Noreg, har sagt at alle skal ha tilgang til reint vatn innan 2030. Den 4. april skal kyrkjelydane i Flora kommune også gjere sitt bidrag når Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp feirar 50 år.

Nyamate Sakwa (8) pumpar vatn til familien før sola går ned.

– Det er stort å få være en del av en landsomfattande aksjon, der kyrkjelyder over heile landet går saman om å gje fleire reint vatn. Mange vil seie at det ikkje er vår oppgåve å sikre reint vatn til folk i andre land, men som kyrkje er me del av ei verdsomfattande rørsle, og vi i Flora skal ta vår del av ansvaret, seier sokneprest Knut Magne Nesse.

Fasteaksjonen finn stad i byar og bygder over heile landet, og det er i år den 50. gongen at Kirkens Nødhjelp arrangerer aksjonen. Gjennom dei 50 åra Fasteaksjonen har blitt arrangert har ein million nordmenn gått med bøsser, og fleire hundre tusen menneske har fått hjelp på ulike vis.

Millionar med ureint drikkevatn

– Diakoni er ein heilt sentral del av ei kyrkje si verksemd, og Kirkens Nødhjelp er stolte av å vere den diakonale delen i 500-årsmarkeringa av reformasjonen. Vi veit også at dette jubileet vert feira i kyrkjer i landa kor vi driv naudhjelp og bistand, og det er fint å sjå korleis tru kan bygge bruer, seier generalsekretær i Kirkens Nødhjelp, Anne-Marie Helland. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon står sentralt i den norske 500 års-markeringa, og målet er å vise diakoni i praksis ved å gå med bøsser den 4. april.

– Vi kan ikkje alle berre reise til Wittenberg for å feire. Vi må sette oss ned og sjå på alt vi har oppnådd desse 500 åra. Vi kan ikkje berre be om pengar, og seie halleluja og amen. Vi må sjå på kva vi kan gjere for samfunnet vårt, seier Emmanuel Makala som er biskop i den lutherske kyrkja i området der Wilson bur.

Den lutherske kyrkja er eit globalt felleskap med 145 kyrkjer, 74 millionar kristne, i 98 land. Det har dei siste 50 åra vore ei endring i sammensetninga av dei som går i kyrkjene. Før var det flest frå den europeiske middelklassen no er det fleire fattige. Det er langt fleire som ikkje har det dei treng til livet i vårt kyrkjefellesskap no enn tidlegare. Det utfordrar oss på ein heilt særskilt måte ved 500 års jubileet. Det lutherske verdsforbundet seier det slik: vi er lutherske, vi er eit fellesskap, vi sett trua ut i handling!

– Det var inspirerande å møte Joram Sumawe frå Tanzania (Haydom) 22 år, Stephen Ngobia frå Kenya 24 år og Tone Jelsness frå Fredrikstad 22 år i samband med konfirmantundervisning og besøk på Ten Sing. Det gav oss ei ny forståing av at vi står saman i møte med utfordringane.

– Vi har tenkt å gjere noko saman med Kirkens Nødhjelp. Vi vil besøke så mange heimar som mogleg, slik at flest mogleg kan få sjansen til å støtte Kirkens Nødhjelps arbeid, og at fleire på den måten kan få reint drikkevatn, seier aksjonsleiar i Florø, Iver Bakke Nydal (under).

Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før, seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyens nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson.

Kyrkja i Flora

Dagleg leiar:
Herdis Elin Lexau
herdis.lexau@kinn.kyrkja.no
Tlf. 918 13 569

Sokneprest:
Benedicte Øien
benedicte.oien@kinn.kyrkja.no
Tlf. 916 45 165

Sokneprest:
Knut Magne Nesse
knut.magne.nesse@kinn.kyrja.no
Tlf. 917 13 275

Sokneprest:
Dag Leirvik
dag.leirvik@kinn.kyrkja.no
Tlf. 917 32 150

Kantor:
Sebastian Ryll
sebastian.ryll@kinn.kyrkja.no
Tlf. 468 02 747

Organist:
Anastasiya Bazhenova
anastasiya.bazhenova@kinn.kyrkja.no
Tlf. 954 39 909

SMÅNYTT

Fellesgudsteneste 2. pinsedag på Kinn

I mange år har det vore fellesgudstenester 2. pinsedag. Fleire gonger har det vore inne i fjorden, både i Stavang, Eikefjord og Nordal. I år legg vi denne gudstenesta til Kinn og det vert sett opp båt til gudstenesta. **Dei som ynskjer å vere med må melde seg til kyrkjekontoret innan torsdag 1. juni kl. 12.00,** slik at vi kan bestille båt. **Avreise frå Florø kl. 09.30. Alle må betale båtbilletten på kr. 100.** Gudstenesta kl. 11.00. Ta med nistekurv. Kaffi koker vi i kyrkjestova.

Basar Palmesøndag i Rognaldsvågen

Det vert basar i bedehuset i samband med gudstenesta på Palmesøndag. Gudstensta tek til kl. 16.00 og når den er over vert det omrydding, sal av lodd, servering av mat, underhaldning, fine gevinster og fullt i folk. Vel møtt!

Kinn kyrkjekor reiser til Carlisle

Kyrkjekoret reiser til Carlisle bispedømme og skal vitje ein kyrkjelyd og eit kor i Kendal. Det er 30 deltakarar på turen og vi gler oss til å møte ein annan kyrkjelyd og eit kor. Det vert også spennande å framføre konserten med norsk kyrkjemusikk. Koret reiser 28. april.

Misjonssøndag i Eikefjord 1. pinsedag

Ingvald Frøyen frå NMS vert med på gudstenesta i Eikefjord på 1. pinsedag. Han fortel om misjonsprosjektet og preiker ved gudstenesta.

Barnekor

Barn fra 5–9 år er hjertelig velkommen til å prøve å syngje og leike i barnekoret. **Dei har øving onsdagar kl. 16.50 – 17.30 på Misjonsheimen**. Leiarar Sebastian Ryll og Ann Kristin Takle Winterthun.

Neste opptreden vert på gudsteneste søndag 21. mai.

Vennskap. Ei lang rekke med spente 5- og 6-åringar kom til Florø kyrkje i samband med utdeling av boka som heiter «6 års boka mi». Laurdag var det samling i kyrkja og på misjonsheimen. Borna fekk sjå seg omkring i kyrkja, lære nokre få songar og utforske det store orgelet. På Misjonsheimen fekk dei høyre den spennande forteljinga om Josef. Tema var «å bli venner igjen!». Det var tydeleg at dette var noko dei hadde ganske god greie på. **Søndag 12. mars** var det gudsteneste og heile 40 born fekk boka si. Mange av desse borna kjem attende til kyrkja med barnehagen sin på påskevandring. Det er eit pedagogisk opplegg der borna får oppleve dei ulike dagene i påsketida. **Søndag før skulestart, 20 august**, får dei endå ei invitasjon til kyrkja – nemleg skulestartsgudsteneste. Det hadde vi for første gang i 2016. Borna tek med seg skulesekken sin og vi snakkar om korleis det er å skulle begynne på skulen. Og så ber vi for kvarandre og skulen.



STØRST AV ALT

Orgelkonfirmantar. **Søndag 19. mars** spelar Marion, Oskar og Andreas inngangssalmen «Amazing Grace» ved gudstenesta. Marion spelar med føtene, Oskar og Andreas på kvar sin rad med tangentar. Dei er dei heldige orgelkonfirmantane som har fått prøve orgelet nokre timar i lag med Sebastian.

Gudstenester våren 2017

SØNDAG 2. APRIL – 5. SØNDAG I FASTE
Florø, kl. 11.00 Jazz-messe med nattverd, Nesse og Lars Hana. Takkoffer til Døvekirken Bergen.

SØNDAG 9. APRIL – PALMESØNDAG
Florø, kl. 11.00 Høgmesse med dåp, Leirvik. Takkoffer til Nesholmen.
Eikefjord, kl. 11.00 Høgmesse med , Nesse. Takkoffer til Søndagsskulen.
Askrova, kl. 14.00 Høgmesse, Leirvik. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Rognaldsvåg, kl. 16.00 Familiegudsteneste, Nesse. Basar etter gudstenesta. Takkoffer til bedehuset.

TORSDAG 13. APRIL – SKJÆRTORSDAG
Florø, kl. 11.00 Høgmesse med nattverd. Nesse. Takkoffer til Kirkens Bymisjon i Bergen.
Batalden, kl. 14.00 Høgmesse med nattverd. Nesse. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

FREDAG 14. APRIL – LANGFREDAG
Florø, kl. 11.00 Høgmesse. Øien. Takkoffer til Kirkens SOS i Bjørgvin.
Svanøy, kl. 14.00 Høgmesse. Øien. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

SØNDAG 16. APRIL – PÅSKEDAG
Florø, kl. 11.00 Høgmesse med dåp og nattverd, Øien. Takkoffer til NMS-misjonsprosjektet.
Eikefjord, kl. 11.00 Høgmesse med dåp og nattverd, Leirvik. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Nordal, kl. 14.00 Høgmesse med dåp og nattverd, Leirvik. Takkoffer til NMS-misjonsprosjektet.
Stavang, kl. 16.00 Høgmesse med nattverd, Øien. Takkoffer til NMS-misjonsprosjektet.

MANDAG 17. APRIL – 2. PÅSKEDAG
Barekstad, kl. 11.00 Høgmesse med nattverd, Leirvik. Takkoffer til NMS-misjonsprosjektet.

SØNDAG 23. APRIL – 2. SØNDAG I PÅSKETIDA
Florø, kl. 11.00 Høgmesse med dåp, Leirvik. Takkoffer til KFUK/M Sogn og Fjordane krins.

SØNDAG 30. APRIL – 3. SØNDAG I PÅSKETIDA
Florø, kl. 10.00 Konfirmasjon klasse 9A, Nesse. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Stavang, kl. 11.00 Konfirmasjon, Øien. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Florø, kl. 12.30 Konfirmasjon klasse 9B, Nesse. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Eikefjord, kl. 16.00 Høgmesse med dåp, Øien. Takkoffer.

MANDAG 1. MAI
Kinn kyrkje, kl. 13.30 Tidebøn ved Nesse. Årsmøte pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva.

SØNDAG 7. MAI – 4. SØNDAG I PÅSKETIDA
Florø, kl. 10.00 Konfirmasjon klasse 9D, Nesse. Kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Florø, kl. 12.30 Konfirmasjon klasse 9E, Nesse. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

MANDAG 8. MAI – FRIGJERINGSDAGEN
Florø, kl. 18.00 Markering i kyrkja «lyden av fridom». Enkel kyrkjekaffi. Arr: Flora musikkråd, veteranforeninga og Kinn sokneråd.

SØNDAG 14. MAI – 5. SØNDAG I PÅSKETIDA
Florø, kl. 11.00 Konfirmasjon klasse 9C, Leirvik og Torvanger. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

ONSDAG 17. MAI – NASJONALDAG
Florø, kl. 11.00 Høgmesse, Nesse. Takkoffer til Sjømannskyrkja.
Eikefjord, kl. 11.00 Familiegudsteneste, Leirvik. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Stavang, kl. 13.00 Familiegudsteneste, Leirvik. Takkoffer til Amnesty International.

SØNDAG 21. MAI – 6. SØNDAG I PÅSKETIDA
Florø, kl. 11.00 Høgmesse med dåp, Nesse. Barnekoret. Takkoffer til Søndagsskulen.
Eikefjord, kl. 11.00 Konfirmasjon, Øien. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Batalden, kl. 16.00 Høgmesse med nattverd. Nesse. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

TORSDAG 25. MAI – KRISTI HIMMELFARTSDAG
Nordal, kl. 11.00 Konfirmasjon, Leirvik. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Brandsøyåsen, kl. 12. Friluftsgudsteneste, Nesse. Florø og Brandsøy KFUK/M tek del.

LØRDAG 27. MAI.
Kinn, kl. 13.00 Musikkandakt ved Nesse og salmekameratane. Takkeoffer Kinn kyrkje.

SØNDAG 28. MAI – SØNDAG FØR PINSE
Florø, kl. 11.00 Høgmesse med nattverd. Nesse. Takkoffer til Normisjon.
Askrova, kl. 11.00 Høgmesse med nattverd. Nesse. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 4. JUNI – PINSEDAG
Florø, kl. 11.00 Høgmesse med dåp, Øien. Takkoffer til NMS-misjonsprosjektet.
Eikefjord, kl. 11.00 Høgmesse med nattverd, Leirvik og Ingvald Frøyen. Takkoffer til NMS-misjonsprosjektet.

MANDAG 5. JUNI – 2. PINSEDAG
Kinn, kl. 11.00 Fellesgudsteneste med dåp og nattverd, Leirvik. Takkoffer til NMS-misjonsprosjektet.

SØNDAG 11. JUNI – TREEININGSSØNDAG
Florø, kl. 11.00 Høgmesse med nattverd. Øien. Takkoffer til NLM.

SØNDAG 18.JUNI – 2. SØNDAG I TREEININGSTIDA
Kinn, kl. 11.00 Høgmesse med nattverd. Biskop Halvor Nordhaug og kyrkjelydens prestar. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Ved takkoffer i Florø kyrkje
kan ein nytte seg av **VIPPS**:

#85669

It's life man, you gotta live it!

Florø Ten-Sing held konsert i kinosalen på Flora Samfunnshus lørdag 29. april kl. 19.00. Tema for konserten er – livet og ulike faser i livet. Dette er første gang på lenge at Ten-Sing skal ha konsert i kinosalen. Vi håpar mange kjem. Vi gler oss veldig. Dette har vi arbeida med i heile år. **Billett ved døra.**

Gjensyn med Thorsten Ahlrichs

Vi gler oss over att Florø sin tidlegare kantor Thorsten Ahlrichs kjem attende **søndag 25. juni kl. 20.00** for å halde konsert i lag med vår eigen **sopran Ann-Kristin T. Wintherthun og fiolonist Katharina Wulf**. Trioen vil fremføre klassisk musikk og norske folketonar. **Billett, vaksen kr. 100, barn og unge har fri entre.**

Open kyrkje på Kinn i juli

Soknerådet ynskjer å halde fram med ordninga med open kyrkje på Kinn i juli. **I den samanheng treng vi vertskap.** Vertskapet tek imot dei som kjem til kyrkja, held tidebøn to gonger dagleg og er naturen, stillheten og roen på Kinn nokre dagar. Somme gonger har ein det travelt som vertskap og det kjem mange, andre gonger kjem det så å seie ingen. **Interesserte kan ta kontakt med Knut Magne Nesse.**

Konsert «Consonanz a 4»

Torsdag den 4. mai kl. 19.00 held den tyske vokalkvartetten «Consonanz a 4» konsert i Florø kyrkje.

Sopran Wiltrud de Vries, Meaaosopran Annette Gutjahr, tenor Bernhard Scheffel og bass Allan Parkes er alle utdanna i Bremen og Hamburg og holder god kvalitet.

Alle fire gler seg til å komme attende til Florø etter tre år. De skal ut på ny Norgesturne. «Consonanz» er italiensk for harmoisk samklang.

Det blir presentert et fargerikt program med klassisk kyrkjemusikk frå 19. og 20. århundret. Dette er ein konsert for alle som vil oppleve ein spennande kveld med god acapella sang.

Kantor Sebastian Ryll lar orgelet lyde inne i mellom.

Billett:
Vaksen kr. 100
Barn og unge
har fri entre

ETTERKLANG: Runar Netland, Ester Lorentzen, Fredrik Svabø, Halvor Bekken Aschim, Fred Håkon Klausen, Thomas Nordvik og Håkon Aulie.

Jazzmesse i Florø. **Søndag 2. april kl. 11.00 vert det Jazzmesse i Florø kyrkje.** Det vert ei gudsteneste utan sidestykke. Musikken og teksten rører og beveger, nytt og gamalt. Dette vert ei gudsteneste med berre jazz og blir ei flott oppleving i fastetida. Konserten er eit samarbeid mellom Kinn sokneråd og K/M laget.

Salmekameratene held konsert i Rognaldsvågen

Fredag 26. mai blir det konsert i Rognaldsvåg bedehus ved Salmekameratene kl. 18.30. Rutebåt frå Florø kl. 16.00. Retur kl. 20.30. Det blir sal av mat. Billett kroner 200,-

Salmekameratene ble startet i 2002 og består av fem musikkvenner fra Lillehammer: Ola Dahl, Tore Helseth, Erik Skogestad, Geir Ole Dahlen og Claus Aase Knudsen. Som navnet mer enn antyder er det salmer som er kameratenes anliggende.

Salmekameratene leker med salmeskatten og har funnet fram til nye versjoner og nye arrangementer som kanskje kan få oss til å spisse ørene og lytte til tekst og melodi på en ny måte. Her er alt fra meditative stemninger til elementer av rock og bluegrass, men alltid med salmenes innhold i sentrum.

Laurdag 27. mai vert det musikkandakt i Kinn kyrkje kl. 13.00 ved Salmekameratene og sokneprest Knut Magne Nesse. Kollekt.

Tone Hulbækmo kjem attende til Kinnaspelet

Ved årets Kinnaspelet held Tone Hulbækmo trio «Stifinnerkonserter». Musikerne bruker gamle tradisjonsinstrumenter og dei vil ta oss tilbake i tida. På reportoaret står gamle folketoner og nye nykomponerte sanger i same tradisjon. Musikerne blir Tone Hulbækmo sang, deklamasjon, harpe, trøorgel, lyre. Hans Fredrik Jacobsen fløyter, gitar, lutt, torader. Alf Hulbækmo, keyboard, munnspill.

Friluftsgudsteneste på Brandsøyåsen

Kristi himmelfartsdag vert det friluftsgudsteneste på Brandsøyåsen kl. 12.00 ved soknеprest Nesse. Gudstenesta er eit samarbeid med KFUK/M og saniteten i Brandsøya. Det blir kyrkjekaffe etter gudstenesta.

DØYPTE

KINN:

04.12.2016 Einar Chana Låstad
11.12.2016 Tarjei Troland Olsbø.
Døypt i Austevoll kyrkje
25.12.2016 Mateo Ferstad Kjerpeset
01.01.2017 Marcus André Sørbotten Midtbø
08.01.2017 Josefine Mari Sælemyr Skartland
Sanna Jagedal Grøneng
Mikkel Øksnes Jensen
22.01.2017 Olai Nilsen Eikevoll
Håvard Karstad Sund
05.02.2017 Sarah Bruflot Hauge
Kasper Flister Seljeseth
Lotte Færestrand Svardahl
12.02.2017 Atle Brandsøy.
Døypt i Værlandet bedehuskapell
19.02.2017 Live Sortevik Husa
Andrew Chaimungkulthunsiri Hjelmaas
Michelle Flister Bakke
William Valberg Kristiansen
19.03.2017 Ebbe Toreid Hillersøy
Julie Helle Brandsøy
Caroline Myklebust Dankertsen

EIKEFJORD:

25.12.2016 Johan Alexander Nilsen Myre
05.03.2017 Ylva Standal Hauge

NORDAL:

15.01.2017 Vilde Ulriksen

Hugs bladpengar og bruk giroen som ligg ved!

DØDE

KINN:

22.11.2016	Arnhild Rosnes	f. 12.12.1944
22.11.2016	Jofrid Dagny Ellingsund Giil	f. 20.04.1942
23.11.2016	Ragnar Rishovd	f. 08.01.1921
24.11.2016	Norvald Stavø	f. 18.09.1931
24.11.2016	Kjellaug Lundberg	f. 04.02.1938
24.11.2016	Kari Elisabeth Hammerseth	f. 16.05.1930
01.12.2016	Johan N. Espeseth Askrova gravplass	f. 14.05.1925
10.12.2016	Jan Kåre Langedal	f. 24.06.1951
10.12.2016	Mona Lise Winther Slettevoll gravplass	f. 13.09.1964
21.12.2016	Unni Bergesen Furnes	f. 23.05.1954
26.12.2016	Leiv Byrkjeland	f. 06.08.1924
30.12.2016	Sverre Odd Rye Fredlund gravplass (Naustdal)	f. 18.01.1926
07.01.2017	Kristine Skarstein	f. 25.08.1924
08.01.2017	Bjørn Svidal	f. 25.11.1960
14.01.2017	Tordis Dagny Valvik	f. 07.07.1942
17.01.2017	Arne Eikevoll	f. 07.09.1946
18.01.2017	Steinar Mathias Strømsøy	f. 09.07.1945
21.01.2017	Olav Nygaard	f. 18.05.1930
06.02.2017	Brynhild Norstrand	f. 09.05.1929
13.02.2017	Svanhild Huus Slettevoll gravplass	f. 10.06.1916
16.02.2017	Liv Bjerck Gjertsen	f. 04.06.1924
18.02.2017	Olaug Sigrid Lindvik	f. 08.02.1941
20.02.2017	Elfrid Nansy Nødset	f. 28.01.1947

EIKEFJORD:

22.11.2016	Alvhild Hovland	f. 09.09.1921
17.12.2016	Jorunn Endestad	f. 23.12.1924
31.01.2017	Aud Mildrid Løken	f. 15.06.1932

BRU:

07.02.2017	Borghild Svortevik Standal gravplass	f. 28.02.1922

Fellesvandring på Sunnivaleia

Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva arrangerer for 8. året på rad fellesvandring langs Sunnivaleia. **Vandringa tek til søndag 18. juni ved Kinnaspelet og varer ei veke.** Det er både norske og tyske vandrarar i år og ein kan melde si interesse til: **Kari Leine Balog** enten på e-post: **kl-balog@online.no** eller på **mobil 950 56 253**.

Årsmøte i Rognaldsvåg 1. mai

Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva held årsmøte i Rognaldsvåg måndag 1. mai. Avreisa vert frå Florø kl. 20.00 søndag kveld og det blir vandring på Sunnivaleia, overnatting, møte og avslutting med tidebøn i Kinn kyrkje måndag 1. mai kl. 13.30.

Påmelding til Torleif Reksten på **treksten@gmail.com** Årsmøte er for medlemmer, meir info på **www.sunnivaleia.no**

Hair é vi
FRISØRSALONG
Strandgt. 20, 6900 Florø • Tlf. 57 74 77 40
Drop-in eller timebestilling

FOKUS ELEKTRO AS
– GJER KVARDAGEN ENKLARE
Evjegata 12, Pb. 284, 6902 Florø
Tel. 57 75 29 20
post@fokuselektro.no
www.fokuselektro.no

ProffPartner
Tlf. 952 65 750
salg@ppfloro.no

ADVOKATFIRMAET STIG NYBØ
MEDLEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING
ADVOKAT STIG NYBØ
ADVOKAT BENTE HERMANSEN
Tlf. 57 74 17 77 • advokat@stignybo.no

SISSELS MOTE
DET LILLE MOTEHUS
STRANDGT. 31 • TLF. 57 74 19 00

NATVIK
E. NATVIK PRENTEVERK AS
111 ÅR 1906-2017
Tlf. 57 75 20 20 • natvik@natvik.no

BUNNPRIS
PRISENE TIL BUNNS - IKKE UTVALGET!
Havrenesveien 50 • Tlf. 57 74 15 55
bphavreneset@bunnpris.no

AUTORISERT ENTREPRENØR
TRYGVE ULLALAND AS
Vågavegen, 6900 Florø • Tlf. 57 74 17 93 • Fax 57 74 21 44

Florø Entreprenør as
Postboks 163, 6901 Florø • Tlf. 906 69 978
www.floroentreprenor.no

FARGERIKE FLORØ
maling | tapet | gulvbelegg | fliser | gardiner | interiør
FLORØ INTERIØR A.S.
Hjellegata 6 • 6900 Florø • Tlf. 57 74 03 66

fjordpipe
EMV gruppa
6940 Eikefjord • Tlf. 57 74 90 55
www.fjordpipe.no

origod
Industrivegen
6900 Florø
Tlf. 57 75 21 40
post@origod.no
www.origod.no

Steinvik Fiskefarm
Visningssenter
Ta kontakt og avtal tidspunkt!
Tlf. 57 75 25 90 / 99 27 13 30
anne.karin@steinvik.no

QUALITY HOTEL
QUALITY HOTEL FLORØ

BB ServiceSystem
www.bb.servicesystem.no
Tlf. 971 67 000

VAKTMESTER Kompaniet
VAKTMESTERKOMPANIET VEST AS
Hamregata, P.b. 92, 6901 Florø • Tlf. 57 75 39 24
Mobil 916 70 918 • 91 67 09 19 • geir@vaktmesterkompaniet.no

Bistro to kokker
– alt i catering –
Fest • Dåp • Konfirmasjon • Bryllaup • Gravferd
Tlf. 57 74 07 97 • www.tokokker.as
Øystein, mob. 40 40 24 91 • oystein@tokokker.as

SUNNFJORD APOTEK
Nettbutikken – enkelt, rett heim til deg!
AMFI Florø • Ope: 09 – 19 (10 – 16)

Rognaldsen GARTNERI as
Utsalg 57 74 20 42 • Gartneri 57 74 22 94
rognaldsen.gartneri@interflora.no

Vi har no rimelege gravmonument
frå kr 8.000,-
inkl. namn ferdig montert
Namnetilføying – skrifthogging og oppussing av gravmonument

Fjordane BEGRAVELSESBYRÅ
– ditt byrå i fjordane
Lindbøen 2, 6800 Førde Vakt tlf. 57 82 70 30
Markegt. 40/42, 6900 Florø Vakt tlf. 57 74 31 36
www.fjordan.no
A til Å - www.atilaa.no

E. KARSTENSEN
www.karstensen.no
6917 BATALDEN
Tlf. 905 46 148
post@karstensen.no

norwell

Florø Skyssbåt
Charterturer • Båtturer • Skyssbåtservice
Rutetrafikk • Lostjeneste
Paal – mobil 915 80 348

sparebanken sogn og fjordane

EWOS®
– verdensledende produsent av fiskefôr

KINN KYRKJEKONTOR

Strandgata 43 • Postboks 504, 6903 Florø
Tlf. 57 75 25 30
E-post: post@kinn.kyrkja.no
Heimeside: **www.kinn.kyrkja.no**
Kontortid: Måndag – fredag kl. 10.00 – 15.00

eikefjordelektro
Fokus på service!
Tlf. 57 74 45 90 • post@eikel.no

Statsministeren fortalde om Guds nåde

KASTA GLANS: Statsminister Erna Solberg og ordførar Marte Mjøs Persen (Ap) under opninga av reformasjonsdagane i Bergen.

– Nåde, det er for meg personlig noe veldig vakkert, fordi det gir oss muligheten til å bli tilgitt og elsket av Gud på tross av vår feilbarlighet som mennesker, sa statsminister Erna Solberg under jubileumsforestillingen i Johanneskirken 4. mars, da Bergen ble feiret som Norges reformasjonsby.

Soknerådsleiar i Kinn Merethe Solheim Knapstad, Fellesrådsleiar Ole Christian Rynning, Sokneprest Knut Magne Nesse og Kantor Sebastian Ryll deltok ved markeringa.

Vi var invitert til møte og mottaking med dei andre valde leiarane etter festgudstenesta i domkyrkja på søndag 5. mars. Det var mange historiske tilbakeblikk denne helga, men det vart også sett søkjelys på kva det vil seie å vere ein luthersk folkekyrkje i vår tid. Dei ulike talarane la vekt på korleis reformasjonen la grunnlaget for demokrati, for leseopplæring, konfirmasjon og skule, for eit auka folkeleg engasjement i kyrkje og samfunn, for fornying i kunsten m.m.

Først og fremst var denne helga ei folkefest, med mange ulike arrangement, rikeleg med deltakarar, god salmesang og mange rike perspektiv på nåde og tru.

Forkynninga var viktig ved reformasjonen og fredag var det retorikk-kurs for prestar. Til kvelden vart det arrangert noko så einestående som ein preikekappleik. Kvar prest fekk sine 3 minutt på scenen. Tema for preika var nåde. Utfordringa var å halde preika utan manus og å nå fram til tilhøyraren. Både ungdomsprest Erling Nydal og sokneprest Knut Magne Nesse var med. Dei tok utfordringa, men nådde ikkje heilt opp i konkurransen.

Eit anna artig arrangement var salmestafetten på Torgallmenninga laurdag formiddag. Domkantoren i Bergen sykla og kantoren i Etne spelte trøorgel, medan ein stor flokk fylgde etter og song salmer. Ein salme som gjekk igjen var Luther-salmen: Vår Gud han er så fast en borg! Interessant tekst å synge på almenningen, spesielt i andre verset der det heiter: *Vil du hans navn få visst? Han heter Jesus Krist.*

Tekst: Knut Magne Nesse

Et av arrangementene som ble avholdt lørdag var en salmestafett på Torgallmenningen i Bergen.

FIKK DU IKKE GITT TIL BØSSEBERAREN?

Du kan enkelt støtte fasteaksjonen på mobil

Sms GAVE til 2426 (200 kr)

Vipps eller MobilePay: Valgfritt beløp til 2426.

Florødamer

«Eg må le litt av korleis vi tre damene sit her og skravler og koser oss etter gudstenesta», seier Grethe Amundsen (til v.) Under kyrkjekaffien sett mange seg ned og kjenner litt ekstra på den freden, som kyrkjerommet gjev mange av oss. Det vert servert litt kaffe og kjeks langs kyrkjebenkane.

Grethe, Eva Kvamme og Margrethe Kristiansen sit att. Praten går lett. Grethe fortel munter, om korleis ho som ungjente kunne minnes desse litt gråhåra eldre damene på kyrkjebenkane. Dei hadde alltid så mykje å snakke om, og kunne visst sitje i evighet. Tre flotte damer som finn praten og smilet i Florø kyrkje. Augeblikka er viktige.

Tekst og foto: Tove Skudal

LIV i London

Utruleg kjekk og lærerik tur! Liv-gjengen 16/17 var i London i 3 heile dagar. På denne tida fekk vi besøkt ulike YMCA-steder, blant anna YMCA-club som er den største gymmen i London!

Vi var på even song i St. Paul. Vi besøkte KFUK-hjemmet der vi fekk høyre om huset og korleis det blir drevet. Vi var på byvandring, der vi fekk oppleve London slik vi sjølv ville! Då såg vi både Big Ben og London Eye. Nokre av oss var også og såg musikalar den eine kvelden, ei fantastisk oppleving!

Fantastisk reisefølge med 11 ungdommar og 3 vaksne leiarar. På denne turen vart vi betre kjend med kvarandre og organisasjonen KFUK KFUM vi er ein del av. LIV er eit to-årig leiarkurs som KFUK/M arrangerer. Dette året har 7 ungdommar frå Florø vore på LIV.

Dei som var med på turen frå Florø var: Iver Bakke Nydal, Olianne Hovland Øren, Mari Bae Hordvik, Håvard Standal, Marion Guddal Hansen, Elisabeth Schwarz, Linn Kristin Haugland og Eirik Byrkjeland var med som leiar.

Tekst: Elisabeth Schwarz

Foto: Stian Olaisen.

KINNA SPELET

Kinnaspelet, «Songen ved det store djup», blir framført i år for 33. gang, ved middelalderkyrkja på øya Kinn vest for Florø i samarbeid med Sogn og Fjordane Teater, musikarar og rundt 160 aktørar. Opplev dette historiske spelet i det naturlege amfiet mellom den gamle steinkyrkja og det mektige Kinnafjellet.

Kjøp billettar, sjå programmet og les meir om spelet på: **www.kinnaspelet.no**

For spørsmål kontakt **tlf. 57 75 25 30** eller e-post: **kinnaspelet@gmail.com**

SoFt
Sogn og Fjordane Teater
www.softeater.no

GRAFISK PRODUKSJON: E. NATVIK PRENTEVERK AS, FLORØ